

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 13.03.2025

Vår ref.: 202410893-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for Torolmen kraftverk i Årdal kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein førespurnad frå Hydro Energi AS om vurdering av konsesjonsplikt for Torolmen kraftverk i Årdalsvassdraget. Førespurnaden blir no send på høyring med høyringsfrist 02.05.2025.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentlig høyring er nødvendig. Førespurnaden om vurdering av konsesjonsplikt blir derfor berre send på høyring til Årdal og Vang kommunar, Vestland og Innlandet fylkeskommunar, Statsforvaltaren i Vestland og Statsforvaltaren i Innlandet.

Kva det vert søkt om

NVE har fått ein førespurnad frå Hydro Energi, datert 13.06.2024, om vurdering av konsesjonsplikt for Torolmen kraftverk i Årdalsvassdraget. Kraftverket er planlagt tilknytt den eksisterande overføringstunnelen mellom magasina Tyin og Torolmen. Planlagt gjennomsnittleg produksjon er 30 GWh/år. Førespurnaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9479/V.

Førespurnaden skal behandlast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter §§ 8 og 10 i same lov. NVE skal på bakgrunn av førespurnaden vurdere om tiltaket gir skade og ulempe av slik betydning for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova.

Kva vi ønskjer fråsegn om

NVE ønskjer tilbakemelding på om kjende allmenne interesser blir ramma av tiltaket, som til dømes friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Vi ønskjer også informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9479/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202410893 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202410893 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er

02.05.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Marianne Angård
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

ÅRDAL KOMMUNE
VANG KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
STATSFORVALTEREN I INNLANDET
INNLANDET FYLKESKOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

HYDRO ENERGI AS
HYDRO ENERGI AS - STEIN ØVSTEBØ